

KYRKJESPEL AV
ROLF LOSNEGÅRD

SOL- GÅVA FRÅ VEST

– DET UNDERLEGE LYSET –



Forfattar Rolf Losnegård:

Solgåva

er den norske tydinga av det gamle angelsaksiske namnet Sunniva, og dette kyrkjespelet tek sitt eine utgangspunkt i legenda om den heilage Sunniva. Det andre utgangspunktet for stykket er saga om dei to kjøpmennene Tord Jorunarson og Tord Eigilleivarson, som skal ha funne leivningane etter Sunniva på Selja. Bortsett frå dette er kyrkjespelet fri diktning:

Året 996 kjem ekteparet Torbjørg og Finn frå Stad til Nidaros. I eit kyrkjehus på Lade oppsøker dei kong Olav Tryggvason og biskop Sigurd og fortel om det merkelege som har skjedd på øya Selja. Eit underleg lys mellom himmelen og leivningane etter eit menneske. Ein lysande hovudskalle!

Men møtet med kongen og bispen går ikkje slik som Torbjørg hadde håpa. Det kjem til å stå om livet for både ho og Finn når kongen skjønner kven dei er og kva dei har gjort.

Også forholdet mellom kongen og bispen vert sett på prøve denne haustdagen i kyrkja på Lade ved Nidaros.

Urpremiere i Selje kyrkje søndag 9. juni

Dei som er med:

Kong Olav Tryggvason
Kyrre Eikås Ottersen

Biskop Sigurd
Torbjørn Halvorsen

Finn Steingrimmson
bonde og fiskar frå Stad
Morten Andresen


Torbjørg Skaftesdotter
kona hans
Nora Plau

Instruktør – Tore Westbye
Musikk – Per Janke Jørgensen
Kostymer – Solveig Fugelsøy
Masker – Torunn Løken
*
Inspisient – Jenny C. Petersen
Rekv./suffli – Kari Nordhaug
Verkstad/ – Asbj. Hatlem/K. Nordhaug
Systove Kari Ystanes/Atle Øydvin

Med hjelp frå lokale songarar og to korgutar.

*« Men det er sant at
på ei øy som heiter Selja
ligg det bein av menneske og lyser.
Eg set armen min i pant
på at den hovedskallen skein
og førd' oss hit til Nidaros,
og utan mein heilt inn i denne
hallen, borga eller kyrkja –
kva ein kallar slike rom som dette. »*

Prost Sigurd Veng



Depotbiblioteket

A

Er det blitt så dår
Det må vere lov å
Men før for mang
Solgåva frå vest –
ved Sogn og Fjord
Det var nemlig eg
inviterte teatret til
kyrkjeleg naudhje



97sd 10 093

Idéen min var eit
samtidig eit historisk spel, men likevel slik at det kunne skapast attkjenning
og eksistensiell utfordring. Spørsmålet mit var: Ligg det tilknytingspunkt
i legenda om Sta. Sunniva?

Bestillinga til forfattaren, Rolf Losnegård, var i alle fall: Ta utgangspunkt i
dei to Tord'ane – to kjøpmenn eller bønder frå Fjordane, som dukkar opp i
legenda. Dei er våre forfedre, og på ein måte «Identifikasjonspersonar».
Han tok poenget, og skapte to nye: Torbjørg og Finn! Spelet om deira liv
og lagnad er blitt godt teater.

Solgåva frå vest – Det underlege lyset, er eit verkeleg kyrkjespel. Det kan
ikkje framførast nokon annan stad! Ved ei teaterscene måtte det regelrett
byggast eit kyrkjerom, for å framføra det.

Men kyrkjerommet er meir enn kulissar. Det som skjer her, i kyrkja, skjer
uttrykkeleg for Guds ansikt. Alteret er det symbolske og konkrete uttrykk
for at dette er eit annleis rom, det helga rommet. Dessutan har vi eit tilhøve
til dette rommet frå før. Vi har vore her i sorg og glede, slik folk før oss.
Veggane har høyrte mange slag uttrykk for lovsong og klage. Vi har den tru og
det håp at Gud har høyrte. I kyrkjerommet kan ikkje noka uttrykksform vere
feil eller framand, når det blir uttrykt i medvit om at her møter vi ikkje berre
menneske, men her møter vi på ein eigen måte Skaparen av alt. Difor står alt
på spel i kyrkjerommet. Når vi møter Finn og Torbjørg, i deira fyrste møte
med eit kyrkjerom, kan det gje oss høve til (igjen) oppdagingar av kva
kyrkjerommet er.

Aril Edvardsen sa nyleg: «Ein sykkel blir ingen bil berre fordi om han blir sett inn
i ein garasje, og ingen blir kristen berre fordi han eller ho kjem inn i ei kyrkje!».
Det er godt sagt. Men eg har no likevel mi erfaring og mi tru om det som kan
skje i Herrens hus.



Sogn og Fjordane Teater
– alltid på veg til deg!

FRAMSIDEFOTO: OSKAR ANDERSEN/FRODE KLOKKERNES

SUNNIVAFOTO: TORKJELL DJUPEDAL

ANSVARLEG UTGJEVAR: EMTE STAG

PLAKAT OG PROGRAMANSVARLEG: ARILD R. SÆTRE

GRAFISK PRODUKSJON: E. NATVIK PRENTEVERK, FLORØ – TELEFON 57 75 20 20